



Andreas Hundvin  
Hundvinsvegen 116  
5956 HUNDVIN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/2410 - 18/28895

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
20.09.2018

## Avvist søknad om løyve til riving og oppføring av bustad - gbnr 56/9 Hundvin

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 06.01.2016 og til diverse korrespondanse i saka.  
Saka gjeld søknad om riving av gammalt hus og oppføring av nytt våningshus.  
Det er no over 3 år sidan saka starta hjå oss, då kommunen vart kjend med at det gamle huset var rive og eit nytt laftehus var reist.

Kommunen si byggesaksavdeling kan ikkje handsama søknaden om løyve til oppføring av våningshus før vegløsing er på plass med avkjørselsløyve og avtalar med grunneigarar og Statens vegvesen.  
Byggesaksavdelinga er ikkje part i denne prosessen, og vi ser oss nøydde til å avslutta byggesaka utan realitetshandsaming.

Den ulovlege rivinga av gamlehuset går kommunen ikkje vidare med, då dette arbeidet ikkje er reversibelt.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. Våre mange brev i saka med krav om innsending av tilleggsdokumentasjon for tilkomst til det nye våningshuset. Krav til sikra tilkomst etter plan- og bygningslova § 27-4 er ikkje tilstrekkeleg dokumentert.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakhandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av våningshus avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du senda inn ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine**

## **krav til dokumentasjon.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Advokat Bjørn Liabø			
Advokatfirma Mikkel Mundal AS	Hollendergaten 14	5017	BERGEN
Asle Hundvin	Nygårdslien 13 F	5164	LAKSEVÅG
Tor Nesse	Hundvinsvegen 86	5956	HUNDVIN

### **Mottakarar:**

Andreas Hundvin	Hundvinsvegen 116	5956	HUNDVIN
Byggmester Henning Gartz AS	Øvre Remaveg 15A	6057	ELLINGSØY